



Arkivnr: 2014/558-127

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

### Kompetanseheving om universell utforming i fylkeskommunen

#### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde slikt vedtak i møtet 04.02.2015:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til å samarbeide med administrasjonen om eit kompetansehevingsarrangement om universell utforming, samt å bidra finansielt til kostnadene med innleiari.

*Rådet ønskjer at målgruppa skal vere tilsette i fylkeskommunen som har universell utforming innanfor sitt arbeidsområde, men som ikkje jobbar så mykje med det.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte og ber administrasjonen kome med noko meir konkret til den tid.»*

Referat frå eit kort møte med Ragnhild Aak Skajaa som førebuing til planlegging av arrangementet:  
«Vi vart einige om at det nok er ei trøng for ein generell økt for rektorar, tannklinikksjefar og sakshandsamarar på huset. Angåande sistnemnde er det ein fordel om det gjeld sakshandsamarar som ikkje har UU som eit hovudområde, men som må ta slike omsyn i jobben sin. Om du ikkje gjer det heile tida er det lettare å gløyme. Fokus her bør vere på regelverk, lovar, HFK si rolle og forventning, og vi meiner vi bør forsøkje å få fylkesrådmannen til å opne ballet slik at vi visar at det er forankra på høgaste hald.

*I tillegg føreslår vi ein halv dag for rektorane og ein halv dag for tannklinikksjefane der fokuset kan vere meir spesifikt og praktisk til deira områdar.*

*RMNF bør vere der og seie nokre ord om korleis dei kan bistå. Det bør og vere litt fokus på dei ulike planane som HFK har og som har fokus på UU, til eksempel folkehelseplanen.»*

#### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Janne Værnø  
leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*